
Vår referanse 2020/41958-2
Dato 09.03.2020

ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Varsel om kulturhistorisk synfaring - Dispensasjon frå kommuneplan - gnr. 434, gnr. 52 - Grindheim - Alver kommune

Viser til sak datert 14.02.2020 med søknad om dispensasjon frå arealforemålet LNF, for oppføring av einebustad med tilhøyrande tilkomstveg. Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde.

Vi har per i dag ikkje opplysningar i arkiva våre om automatisk freda kulturminne eller andre kulturminne med høg verneverdi i planområdet. Vi ser likevel at planområdet har potensiale for automatisk freda kulturminne. Dyrka mark har potensiale for åkrar og gardstun frå bronse-, jarn- og mellomalder.

Det er difor naudsynt med ei synfaring før vi kan gje fråsegn til tiltaket. Ved synfaringa vil ein ta stilling til om det er påkravd med ei arkeologisk registrering, jf. kulturminnelova §§ 3 og 11. Synfaringa vil bli gjort så raskt som råd.

Vestland fylkeskommune ber om at kommunen ikkje fattar vedtak i saka, før vi har gjeve endeleg kulturminnefagleg fråsegn.

Med helsing

Inger Lena Gåsemyr
fagleiar

Sigrun Wølstad
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskreven underskrift